



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Leikanger
kommune



Lærdal
kommune



Luster
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune




Årdal
kommune



Innspel til Regional transportplan

Politikardagen 25. november 2013

Ivar Kvalen, leiar i samferdslegruppa i Sogn regionråd



SOGN REGIONRÅD

Sogn regionråd sine prioriterte samferdsletiltak

Fylkesvegnettet






Fylkesvegane

Fylkeskommunen må arbeida for
auka rammer til vedlikehald og
investeringar

Utbetringar som er viktige for å styrka Sogn som felles bu- og arbeidsmarknad


- Fv 55 Sogndal-Luster og Dragsvik-Balestrand
- Fylkeskommunen bør auka ressursinnsatsen for nokre utsette punkt i påvente av større opprustingsprosjekt
- Rassikringstiltak må prioriterast og fylkeskommunen bør arbeida for auka rammer



Flyplassveg

Ny trasé frå rv 5 ved Kaupanger (Vesterland) til Haukåsen bør inn i regional transportplan

- Vegen har vanskeleg framkomst, særleg frå avkjøyringa ved rv 5 og til Storemyri (om lag 3 km)
- Kostnadsramme for ny trasè: kr 285 mill. som er kr 15 mill. meir enn å utbetra eksisterande veg (Rapport Norconsult 2012)
- Utbygginga kan gjerast etappevis
- Ny trasè er teken inn i Sogndal kommune sin arealdel av kommuneplan



Båt og buss

- **Sognabåten:** vidareføringa er positivt, og gir kommunane og næringslivet moglegheit til å arbeida for å styrka trafikken langs fjorden
- **Pendlarbuss:** Vi er samd i at det tek tid å endra folks reisevaner
- Vi ber fylkeskommunen vurdera
 - å utvida pendlarbusstilbodet Leikanger-Sogndal til Årdal med kopling frå Luster og Lærdal
 - kombinert skule-, pendlar og turistbåt Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal
 - kombinert pendlar- og skulebuss for Aurland, Lærdal og Årdal
- **Gode overgangar** privatbil og kollektivtilbod, til dømes parkering i nærleiken av haldeplass, bør få større fokus framover



Sogn regionråd sine prioriterte samferdsletiltak

Statleg transportansvar



Forlenga rullebane, Sogndal

- Passasjervekst på Haukåsen siste åra
- Men: Dårleg kapasitet morgen og kveld
 - Mange avviste
 - Hindrar vidare passasjervekst
- Forholda ligg til rette for ei forlenga rullebane til 1199 m
 - 50-sete fly: Fleire vil konkurrera i anbodet
 - Redusert FOT-tilskot med kr 26 mill. pr år
 - Samfunnsøkonomisk nytte på nesten kr 400 mill (Avinor)
 - Forlenginga kostar kr 103 mill. (Rapport frå Norconsult 2011)
- Vi ber fylkeskommunen arbeida for forlenga rullebane på Haukåsen



Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik

- Er eitt av få riksvegferjer utan «stive» avgangar (frekvens på 20 eller 30 minutt)
 - Vi treng eit føreseieleg tilbod tilpassa pendlarane og næringslivet sine behov i ein felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion
 - Vi kan oppnå samfunnsøkonomisk lønnsemd om ferjefrekvensen vert auka (TØI-rapport, 2013)
 - Sogn regionråd arbeider for auka rammer til anbodsutlysinga og vi ber om at fylkeskommunen bidreg i arbeidet



Sogn regionråd



Samferdsel, 10-2012



Strekninga Vinje-Hella-Sogndal

- Dårleg vegstandard, rasutsett og høgfjellsparti som er utsett om vinteren
- Samla Storting prioriterer bygging av Vikafjellstunnelen
- NTP set av kr 100 mill. til bygging av tunnel i siste seksårsperiode
- Vegen er klar til oppstart i høve overordna planar
- Positive vedtak i begge fylkesting
- Vi ber fylkeskommunen arbeida for å framskunda prosjektet
- I tillegg til utbetring av rv 13 Vik-Vangsnes bør rv 55 Hella-Sogndal utbetrast




Stavanger-Trondheim om Sogn

- Sogn regionråd ønskjer meir kunnskap om det kortaste ferjefrie heilårssambandet frå Stavanger/Bergen-Trondheim om Sogn
- NTP 2014-2023: «Departementet vil komme tilbake til saken med en vurdering av vegens status og behov for utredninger».
- Vi ber fylkeskommunen arbeida for at konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelen blir prioritert



Sogn regionråd



Nasjonale turistvegar

Sogn regionråd ber fylkeskommunen arbeida for at nasjonale turistvegar blir utvida med bilferjerute på Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden

